



# DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

## Møteprotokoll for Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

**Tid:** 16.11.2022 kl. 19:00  
**Stad:** Ulstein kyrkjekontor

---

### Frammøtte:

Odd Arne Vikebakk	Leiar
Annelise Kleven Godø	Nesteleiar
Cecilie Frantsen Skeide	Medlem
Bodil Muren Voldsund	Medlem
Karete Malen Nettet	Medlem
Lidbjørn Vattøy	Medlem
Hannelore Måseide	Medlem
Knut Erik Engh	kommunal representant
Mirjam Håland Igland	vara for geistleg representant
Christfried Kaul	sekretær

---

### Forfall:

Karianne Sveen Orvik	Medlem
André Sæter	1. vara

---

### Godkjenninger

Protokoll frå møte 20.10. godkjent  
Innkalling godkjent  
Sakliste møte 16.11. godkjent, 2 orienteringsaker lagt til

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Arkivsak
F-2022/41	§25	Tilsetting av kontor	212.0
S-2022/42		Evaluering av arbeid i Ulstein sokneråd og strategiar for val av nytt sokneråd	002.3
S-2022/43		Kyrkjeval 2023 - oppnemning av nominasjonskomité	002.31

## Meldingar:

### F027 Orientering om føringer i budsjettprosessen

Ulstein kyrkjelege fellestråd skal handsame budsjett i sitt møte i desember. Med kraftig prisauke, stigende lønskostnader, stigende renter og ei trong kommuneøkonomi vil det vere krevjande å setje opp eit budsjett i balanse for 2023.

Det er signalisert frå kommunen si side at soknet vil få kompensert for lønsauke.

Det antas at auka renteinntekter frå disposisjonsfondet veg opp for auka renteutgifter for lånet for kontoretasjen.

Dei øvrige driftsutgiftene for administrasjon, kyrkjebygg, og kyrkjelege gjeremål vil auke utan at vi kan vente å få utbetalt full kompensasjon for desse. Her må vi legge opp til eit nøkternt budsjett som tek høgde for dette.

Det er avgrensa muligheter for å auke inntekssida gjennom sal av tenester eller varer. Soknet får kommunalt tilskot for å kunne levere gratis tenester for medlemne i kyrkjelyden.

For drift av kyrkjegard vil festeavgift, som kommunen auka tidlegare i år, hjelpe noko med å møte auka kostnader.

Byggeklossen open barnehage har hatt ein oppsving i haust, og dette vil føre til auka tilskot slik at vi kan drive tilbodet vidare i 2023 utan at soknet må dekke eit underskot.

Soknet treng også å sikre sin økonomi utover budstjettåret 2023 og handsame økonomiplanen for 2023 - 2026 i desembermøte.

### F028 Arbeid med Ulstein kyrkje

Endringar i prosjektet med Ulstein nye kyrkje blei presentert for kommunestyret 27.oktober. Både tidslinja fram til i dag og endringane i prosjektet kom godt frem. Planutval for nytt kyrkjebygg treng å jobbe med ein finansieringspolan som gir eit trygt grunnlag for å kunne få eit positivt vedtak om byggestart av Ulstein nye kyrkje i neste økonomiplanperiode.

### S029 Orientering om kyrkjelydsarbeidet

På soknerådsmøte ønskjer vi å orientere kort om høgdepunkt og nye satsingar frå dei siste vekene sidan førre soknerådsmøte.

- Allehelgensarrangement
  - Minnesamling laurdag, gudsteneste, vandring på gamal kyrkjegard
  - historiekveld i samarbeid med historielaget
  - Jazz og Koral blei også ein flott konsert i år
- Strikkekvelden på måndagane som møteplass
  - blitt eit viktig møteplass, der mange føler at dei kan gjere noko konkret på ein enkle måte
- Bibelutdeling
  - ny bok «Tidslinjen» som fungerer betre som bok med bibelsk stoff som innhald
- Konfirmantpresentasjon
  - var same dag som Bibelutdeling – fungerte bra
  - men det var for mykje å ha det på same dagen
- Kode B
  - bra tiltak med mange deltakarar der vi bruker tidslinja aktivt
- Alive
  - felles arrangement
- kurs for medhjelparar
  - godt med oppfrisking / nyorientering
- Dugnad for lauvoppsamling
  - bra tiltak, men treng å bli betre kjent med annonser og personleg utfordring av personer
- Utdeling 2års spisebrikke
  - flott gjennomført tiltak

### S030 Samling for frivillige medarbeidarar

Ulstein sokn er takksame for mange frivillige som engasjerer seg i arbeidet. Også i år ønskjer vi å invitere til ei samling for dei der vi kan dyrke fellesskap og takke for innsatsen. Samlinga skal vere 8. desember.

**S031 Soknerådsmøte framover**

ingen endringer i datoane, men i korleis møtene blir lagt opp.

7. desember: vanleg møte  
4. januar: Julesamling med Bacalao hos Annelise  
1. februar: felles møte med staben

**S032 Gravferd Atle Hopland**

Soknerådet går inn for ein felles krans med Hareid sokn.

Odd Arne og Christfried følgjer opp og finn ut kven som legg på / les opp helsinga.

Ulstein sokneråd v/ Odd Arne Vikebakk melder inn ei tale på minnesamveret på SUFH etter gravferd

Kommentar: Alle helsingar som kjem inn under gravferda bør lesast opp.

Ulsteinvik, 17.11.2022

## **F-SAK 2022/41 Tilsetting av kontor**

### **VEDTAK**

Ulstein kyrkjelege fellesråd tilsetter Michelle Öhman som ny kontor i Ulstein kyrkjelege fellesråd. Skulle Michelle Öhman takke nei til tilbodet innstiller Ulstein kyrkjelege fellesråd desse tre søkjarar i prioritert rekkefølge til å få tilbod om stillinga:

2. Ellen Karberg
3. Aleksandr Novoselov
4. Oddgeir Nossen

---

# S-SAK 2022/42 Evaluering av arbeid i Ulstein sokneråd og strategiar for val av nytt sokneråd

## UTGREIING

### Vedlegg:

årsmeldingar 2019, 2020, 2021 (lenker)

Ulstein sokneråd er valt for perioden 2019 – 2023 og er det styrande organ for Ulstein sokn. Saman med kommunal representant utgjør Ulstein sokneråd også Ulstein kyrkjelege fellesråd. Den samla funksjonen gjer at Ulstein sokneråd og Ulstein kyrkjelege fellesråd handsamar både soknerådssaker og fellesrådssaker i same møte.

Fellesrådssaker er relatert til å forvalte det kommunale tilskot til soknet sitt arbeid, ivareta arbeidsgjevarfunksjon for dei fellesrådstilsette, forvalte bygg og anlegg og har ansvar for administrasjon. Ulstein kyrkjeleg fellesråd utøver også gravferdsmynde for Ulstein kommune.

Soknerådssaker er relatert til oppdraget soknet har om å gi kyrkjeleg betening til medlemne i kyrkjelyden og til å vekke og nærme det kristne livet i soknet. Soknerådet vedtek planer for Ulstein sokn arbeidet, rapporterar i årsmeldinga og gjennomfører årsmøtet.

Soknerådet sine satsingar for arbeid i kyrkjelyden blir realisert gjennom eit samarbeid mellom råd, frivillige og tilsette med dei ressursane som soknet får tildelt eller skaffer seg sjølv.

Både for fellesrådet og soknerådet sitt virkeområde har soknerådet oppnemnt utval som ressursgrupper til å rullere planer, drøfte faglege utfordringar vedtak, førebu og setje i verk nye tiltak.

Styringssignala som soknerådet gir, saker soknerådet engasjerer seg, høyringar soknerådet svarer på og planer soknerådet vedtek er vesentlege for å utvikle kyrkjelyden vidare og skape engasjement.

Etter tre år i denne styringsrolla ønskjer soknerådet å sjå tilbake på arbeidet som er gjort hittil. Dette skjer med tanke på å kunne setje nokre signal også for det siste året, men også med tanke på å finne engasjerte kandidatar til kyrkjeval 2023. Det er viktig for dei nye kandidatane at dei kjenn til forventningane som er knytt til rolla som soknerådsmedlem, men også ser eit handlingsrom som fremjar engasjement.

Ut frå dette vil vi:

- Sjå tilbake på årene 2020, 2021 og 2022:
  - Korleis har kyrkjelyden utvikla seg vidare?
  - Kva signala / vedtak har vi gjort for å kome dit?
- Sjå vår rolle som soknerådsmedlem i soknerådsarbeid:
  - Kva var forventninga til rolle ein har sagt ja til?
  - Korleis har realiteten vore?
  - Kva var med å fremje engasjement og motivasjon i rådsarbeid?
  - Kva var med å bremse engasjement og motivasjon i rådsarbeid?
  - Var det plass til å jobbe med det som er mitt «hjerteengasjement»?
  - Kva var og eventuelt framleis er uklare i rolla som soknerådsmedlem?
  - Kva må til for at eg gjerne stiller opp for ein ny periode?
- Sjå på strukturen i soknerådet sitt arbeid:
  - Korleis har arbeidet i utval fungert?
  - Bør ein gjere endringar i utvalsstrukturen?
  - På kva andre måtar fungerer samvirke mellom råd, tilsette og frivillige i dag?
  - Kan alternative arbeidsmåtar få ein struktur som er meir tenleg?

Det er ikkje lagt opp til at dette skal ende med eit vedtak. Meir at soknerådet som kollegium og som einskildmedlem skal drøfte erfaringar, få fram synspunkt til fortid og til framtid. Det kan og vere greitt at vi har framlegg/innspel som vi kan bringe vidare inn i nytt sokneråd.

Difor - reflekter rundt det du tenker/har opplevd før du møter på onsdag den 16.11. Så deler vi erfaringar og synspunkt med kvarandre.

## FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

## HANDSAMING

Cecilie: Vart litt skuffa frå arbeid i diakoniutval, der det var låge ambisjonar for det utvalet skulle drive med. Dei frivillige slutta i utvalet, det blei Cecilie og Mari Ann igjen. God kjemi, mykje hjerteengasjement. Slik blei det gode prosjekt av: Kyrkje på senteret, og seinare flyktningar. Møtet i februar: Det må vere ei ordning at det er ein klar leiar for utvalet som har ansvar for å kalle utval saman. Staben treng å sjå utvalet som eit ressurs i sitt arbeid.

Annelise: Førstedelen mykje prega av Corona og mange endringer vi måtte takle. Litt vanskeleg å finne eit område i kyrkjelydsarbeid å engasjere seg for. Møte på Fredheim juni 2022 blei på mange måtar den nye starten etter pandemien som vi lengta fram mot.

Viktig å finne folk i soknerådet som ønskjer å bygge kyrkjelyden, det må vere viktigare enn samansetting av alder, kjønn og geografi

Odd Arne: rådet har ei todelt rolle: Ikkje berre bestemme, men også realisere strategien for kyrkjelyden, ei rolle som går ut over arenaen til å sitje i møtet. Det må vere eit engasjement for å utvikle kyrkjelyden.

Kontakt mellom stab og råd treng å bli betre for å skape meir felles engasjement.

Karete: har lært mykje om kyrkja og soknerådet sitt arbeid, gjennom det å sitje i rådet. Hadde trengt ei meir klar bestilling om kva som er mi rolle i utvalet. Uklart om det var eg som skulle vere leiar, eller om ansvar for å leie utvalet skulle vere hjå den tilsette. Kunne ha bidratt meir om dette var betre avklart.

Hannelore: sett mi oppgåve til å bidra med erfaringar og nettverk frå politisk arbeid og hjelpe til at kyrkja får bra økonomi. Viktig å vere eit bindeledd til dei "kulturkristne". Framsnakke kyrkja i lokalsamfunnet. Soknerådet må ha meir systematikk på utvala for å drive arbeidet og det må vere eit tydeleg mandat, leiarspørsmålet må vere avklart.

Lidbjørn: Visste kva eg sa ja til, men er flinkare med dei praktiske oppgåvene enn å prate. Vedlikehaldsnemnda var rette plassen for meg, det bør vere ein annen leiar enn kyrkjeverje for utvalet.

Bodil: Arbeid i utval treng å vere betre strukturert for at vi kan ha eit meir målretta engasjement.

Odd Arne: sjølv om arbeid med utval kunne blitt betre har vi fått mange flotte ting til i kyrkjelyden. Vi har løyst utfordringane som kom med og etter Korona på ein god og kreativ måte og fått fornya arbeidet. Det er mykje å glede seg over!

Christfried: For at det neste soknerådet får ein betre start med arbeid i utval bør mandat og organisering av dei faste utval vere handsama på nytt og vedteken. Det er godt å ha eit klart utgangspunkt.

Arbeid i utval bør vere eit av tema på felles møte med staben 1. februar.

## VEDTAK

Det blei ikkje fatta vedtak i saka.

---

## S-SAK 2022/43 Kyrkjeval 2023 - oppnemning av nominasjonskomité

### UTGREIING

*Samandrag frå tilgjengeleg info på ressursida om kyrkjeval*

*Ressursida: <https://ressursbanken.kirken.no/nb-NO/kirkevalget/kirkevalg/>*

*Reklamevideo om kyrkjevalet: <https://www.youtube.com/watch?v=-FcsO1Q3dbA>*

*powerpoint om kyrkjevalet:*

*<https://ressursbanken.kirken.no/globalassets/ressursbanken/kirkevalg/%C3%B8vrige%20dokumenter/til%20mr%20-%20nominasjonsfasen.pptx>*

#### **Innleiing**

*Kirkevalget 2023 gjennomføres 10. og 11. september 2023. Perioden med forhåndsstemming er 10. august til 6. september (digitalt) og 8. september (på papir i eget sokn). Alle sokn skal tilby fysisk forhåndsstemming til samme tid - torsdag 31. august kl 15-20.*

#### **Nominasjonsfasen**

*Nominasjonsfasen starter opp høsten 2022 og varer til 31. mars, som er fristen for innlevering av kandidatlistar til både menighetsrådsvalg og bispedømmerådsvalg/valg til Kirkemøtet.*

#### **Kom i gang med nominasjonsarbeidet**

*Menighetsrådet er valgstyret, og det er dermed menighetsrådet som har ansvaret for kirkevalget. Dette innbærer gjennomføring og ikke minst å finne kandidatar som takker ja til å stå på liste i høstens valg.*

Arbeidsutvalet for Ulstein sokneråd har starta arbeid med å finne kandidatar til nominasjonskomiteen. Det er nominasjonskomiteen som koordinerer arbeid med å finne kandidatar som stiller til val.

Arbeidsutvalet vil presentere kandidatforslag i møtet og legge det frem for soknerådet.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

Saka blir lagt fram utan framlegg til vedtak

### HANDSAMING

Arbeidsutvalet refererte frå arbeid med å finne nominasjonskomiteen

### VEDTAK

Ulstein sokneråd oppnemner nominasjonskomiteen for Kyrkjeval 2023 med desse personane:

- Cato Voldsund
- Silje Grimstadt Tvedt
- Hildegunn Fiskerstrand
- Lidbjørn Vattøy

Kyrkjeverja skal kalle inn til første møte før jul for at komiteen kan førebur seg til arbeidet.